



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Martin Haugen, 55 57 22 21

Vår dato  
22.06.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/7343 731.0  
Dykkar referanse

Til kommunar,  
kommuneoverlegar og  
rettleiarar for LIS1-legar i Hordaland

### **Kurs for legar som skal vere rettleiarar for LIS1 i kommunehelsetenesta - 14. september 2018**

Vi ber om at kommunane sender dette brevet til den som er ansvarleg for LIS-1 (tidlegare turnuslege) i kommunen. Vi ber òg om at kommunane formidlar brevet vidare til kommuneoverlegane og dei legane som skal vere rettleiarar for LIS-1.

**Kurset er på Statens hus, Kaigaten 9, 5020 Bergen den 14. september 2018 kl 0830-1530.**

Førebels program for kurset er lagt ved dette brevet. Det er ikkje deltakaravgift på kurset.

I forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for leger og tannleger (*spesialistforskriften*) er kommunane tildelt oppgåver og ansvar for å ta del i spesialistutdanninga av legar. Vi viser til eit utførleg brev til kommunane frå Helsedirektoratet:

[Ny spesialistutdanning for leger. Ansvar og oppgaver for kommunene. Helsedirektoratet 04.06.2018 ref 18/1592-1.](#)

Rettleiarane til LIS-1-legane har òg fått nye oppgåver. Det er viktig at alle rettleiarane i fylket deltek på kurset, og Fylkesmannen oppmodar alle kommunar om å legge til rette for at rettleiarane får delta.

Rettleiarane kan melde seg til kurset på Fylkesmannen i Hordaland sine heimesider:  
<https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Kurs-i-rettleiing-av-LIS1-legar/>

Med helsing

Helga Arianson  
fylkeslege

Martin Haugen  
ass. fylkeslege

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

